

**Protokoll nr. 1/20
18****Styremøte 21. februar 2018**

Tilstades: X

Styremedlemmar:

- X Stein Kinserdal, styreleiar
- X Petter Bjørdal, nestleiar
- X Svein Anders Grimstad
- Kirsti Slotsvik
- X Gunn Fredriksen
- X Jan Arve Antonsen
- X Anette Lekve
- X Mikal Gjellan

Frå administrasjonen møte:

Adm.direktør Espen Remme
styresekretær Hilde Amundsen Flø

Konst. fagdirektør Mariann H. Gammelsæter

Konst. HR-direktør Ketil Hjelset

Økonomidirektør Heidi Nilsen

Ass. direktør Helge Ristesund

Kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim

Klinikkssjef Torstein Hole, Klinikk for medisin og rehabilitering

Klinikkssjef Karl Arne Remvik, Klinikk for psykisk helse og rus

Klinikkssjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom

Klinikkssjef Kjersti Bergjord, Klinikk for akuttbehandling

Klinikkssjef Henrik Erdal, Klinikk for kvinner, barn og ungdom

Klinikkssjef Svanhild Tranvåg, Klinikk for diagnostikk

Lena Bjørge Waage, rådgjevar samhandlingsavdelinga, leiar for arbeidet med utviklingsplanen.

Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:

Ingrid Løseth og Asbjørn Ringdal Gausdal.

Styremøte vart heldt på styrerommet i administrasjonsbygget i Ålesund og starta kl. 10:00.

Kirsti Slotsvik hadde meldt forfall til møtet.

Styreleiar Stein Kinserdal åpna styremøtet og ønska alle velkommen.

Dokumenter utdelt til møtet:

Sak 3/201 – Referatsaker:

- Referat frå Brukarutvalet 19.02.2018
- Referat frå AMU 20.02.2018
- Innspill frå LHL Skodje-Ørskog-Haram
- Innspill frå Ålesund arbeiderparti
- Innspill frå Haram eldreråd
- Brev frå Ørsta og Volda kommune

Sak 6/2018 - Vedlegg 08a- Vedlegg til drøftingsprotokoll - ergoterapeutforbundet

Styret behandla følgjande saker i møte:

Sak 1/2018 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Underskrift av protokoll nr. 10/18 frå møte 29.11.2018

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 10/17 frå møte 29.11.2017

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 10/17 frå møte 29.11.2017

Sak 2/2018 Orienteringssaker

- Orientering frå administrerende direktør
 - Styret får tilsendt utkast til årsberetning på e-post med frist tilbakemelding 01.mars. Årsberetninga skal styrebehandles 16. mars.
 - Oppdragsdokumentet vert behandla i foretaksmøtet 19. februar. HMR kjem tilbake til dette i styremøte 16. mars
 - SNR - orientering i styremøte 16. mars.
 - Ungdomsrådet i HMR har oppretta eiga [internettside](#).
- Status - Riktig bruk av tvang i Psykisk helsevern i HMR
- Styrets årsplan - Vedlegg.

Innstilling:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Sak 3/2018**Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 19.02.2018
- Referat frå AMU 20.02.2018
- Protokoll styremøte HMN 22. januar og 8. februar 2018.02.21
- Brev datert 11. jan -18 til Molde Kommune. Utskrivingsklare pasientar.
- Svar på brev av 11. januar frå Molde kommune.

- Innspill frå LHL Skodje-Ørskog-Haram
- Innspill frå Ålesund arbeiderparti
- Innspill frå Haram eldreråd
- Brev frå Ørsta og Volda kommune

Sak 4/2018

Budsjett 2018 og status pr. 31.01.2018

Innstilling:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orientering om budsjett 2018 og status per 31. januar 2018 til vitande.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør intensivere arbeidet for å få alle tiltak implementert og forankra. Det må rettast spesiell merksemd knytt mot utvikling i bemanning.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orientering om budsjett 2018 og status per 31. januar 2018 til vitande.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør intensivere arbeidet for å få alle tiltak implementert og forankra. Det må rettast spesiell merksemd knytt mot utvikling i bemanning.

Sak 5/2018

Etablering av Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund

Innstilling:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til at arbeidet med å etablere Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund vert prosjektorganisert og leia av ei eiga styringsgruppe.

2. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til prosjektet sitt mandat og målsetjing.

Protokoll:

Mikal Gjellan fremma forslag om tilleggspunkt 3 slik:

"Styret ber administrerande direktør gå i dialog med kommunane om prosjektleiar sitt tilsettingsforhold."

Votering:

Styret stemte samrøysta i forslag om pkt. 3 frå Gjellan.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til at arbeidet med å etablere Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund vert prosjektorganisert og leia av ei eiga styringsgruppe.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til prosjektet sitt mandat og målsetjing.
3. Styret ber administrerande direktør gå i dialog med kommunane om prosjektleiar sitt tilsettingsforhold..

Sak 6/2018

Sak 2018-06 - Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF 2019-2022

Innstilling:

1. Styret vil gi honnør til tilsette, brukarar, kommunar og andre for aktiv medverknad i arbeidet og utviklinga av utviklingsplanen.
2. Styret vurderer at dei faglege satsingane og dei verksemdsmessege utviklingsretningane i utviklingsplanen ivaretar eit heilskapleg pasientfokus og sikrar framtidige tenester i samsvar med behov og utvikling.
3. For å sikre rett kompetanse ber styret om at arbeidet med rekruttering av nøkkelpersonell vert prioritert.
4. Styret sluttar seg til dei overordna bygningsmesege utviklingsplanane for Volda og Ålesund sjukehus slik desse er gjort greie for i saka.
5. Styret understrekar at det er viktig å gjere faglege vurderingar og prioriteringar for å sikre økonomisk bærekraft både på kort og lang sikt.
6. Styret tek *Ekstern kvalitetssikring* og *Risikovurderinga av utviklingsplanen* til vitande, og legg desse vurderingane til grunn for vedtaket.
7. Styret føreset at helseføretaket i det vidare arbeidet med utgreiingar og iverksetting av tiltak sikrar god involvering av tilsette, brukarar og andre aktuelle samarbeidspartar.

Anette Lekve fremma forslag til tillegg i pkt. 4 slik: (i kursiv)

"Styret sluttar seg til dei overordna bygningsmessige utviklingsplanane for Volda og Ålesund sjukehus slik desse er gjort greie for i saka. *Styret vil likevel presisere at man må sikre god framdrift i det vidare arbeidet med å få på plass nok isolat og ein moderne standard for sengepostane både i Ålesund og Volda.*"

Gunn Fredriksen fremma forslag om endring i pkt. 5 slik (kursiv)

Styret understrekar at det er *naudsynt* å gjere faglege vurderingar og prioriteringar for å sikre økonomisk bærekraft både på kort og lang sikt.

Styreleiar fremma forslag til tillegg i pkt. 6 slik: (i kursiv)

"Styret ber adm.dir rapportere til styret gjennom Leiinga si gjennomgang og årleg melding på korleis Risikovurderinga(ROS) av utviklingsplanen vert fulgt opp, spesielt kva type risikoreduserande tiltak som iverksettas og dei resultata som vert oppnådd på bakgrunn av dette arbeidet"

Svein Anders Grimstad fremma forslag om nytt pkt 8. slik:

"Dagens samarbeidsavtaler med kommunane ivaretek ikkje samhandling mot fastlegane på ein god nok måte.

Styret ber om at det vert etablert eit samhandlingsforum med lik representasjon fra HMR og fylket sine fastlegar. "

Votering:

Styret stemte einstemmig i vedtakspunkta i innstillinga i tillegg til forslag om endring og tillegg i pkt. 4, 5, 6 og nytt pkt. 8 som vist over.

Vedtak:

1. Styret vil gi honnør til tilsette, brukarar, kommunar og andre for aktiv medverknad i arbeidet og utviklinga av utviklingsplanen.
2. Styret vurderer at dei faglege satsingane og dei verksemdsmessege utviklingsretningane i utviklingsplanen ivaretar eit heilskapleg pasientfokus og sikrar framtidige tenester i samsvar med behov og utvikling.
3. For å sikre rett kompetanse ber styret om at arbeidet med rekruttering av nøkkelpersonell vert prioritert.
4. Styret sluttar seg til dei overordna bygningsmessige utviklingsplanane for Volda og Ålesund sjukehus slik desse er gjort greie for i saka. Styret vil likevel presisere at man må sikre god framdrift i det vidare arbeidet med å få på plass nok isolat og ein moderne standard for sengepostane både i Ålesund og Volda.
5. Styret understrekar at det er *naudsynt* å gjere faglege vurderingar og prioriteringar for å sikre økonomisk bærekraft både på kort og lang sikt.
6. Styret tek *Ekstern kvalitetsikring* og *Risikovurderinga av utviklingsplanen* til vitande, og legg desse vurderingane til grunn for vedtaket. Styret ber adm.dir rapportere til styret gjennom Leiinga si gjennomgang og årleg melding på korleis Risikovurderinga(ROS) av utviklingsplanen vert fulgt opp, spesielt kva type risikoreduserande tiltak som iverksettas og dei resultata som vert oppnådd på bakgrunn av dette arbeidet.

7. Styret føreset at helseføretaket i det vidare arbeidet med utgreiingar og iverksetting av tiltak sikrar god involvering av tilsette, brukarar og andre aktuelle samarbeidspartar.
8. Dagens samarbeidsavtaler med kommunane ivaretek ikkje samhandling mot fastlegane på ein god nok måte. Styret ber om at det vert etablert eit samhandlingsforum med lik representasjon fra HMR og fylket sine fastlegar.

Stemmeforklaring/ protokolltilførsel frå ansattrepresant i styret, Jan Arve Antonsen.

til:

"I forhold til foretaksprotokollen 2018 og krav til de regionale – og lokale helseføretakene; Er bestillingen fra Helseministeren at det er særlig viktig når det gjelder Helsefagarbeidere. Dette er et viktig for at Helse Møre og Romsdal skal ta sitt samfunnsansvar for utvikling og utdanning av helsepersonell. Sørge for at alle helseføretakene har både stillinger og lære plasser innen Helsefagarbeider faget.

I 2018 er fagarbeiderens år. Begrunnelsen for å påpeke dette spesielt, er at vi over mange år har hatt en holdning til at Helsefagarbeideren ikke har vært satsingsområde på sjukehusene våre. Derfor er det ekstra viktig at vi får denne påminningen gjennom utviklingsplanen.

Vi mener at kravet til utdanning av Helsefagarbeidere, etablering av lærlingeplasser, må komme til uttrykk i de dokumentene som ledere og de ansatte i Helse Møre og Romsdal skal arbeide etter. Dette er viktig også på det holdningsmessige området.

Vi mener at personalpolitisk handlingsplan er viktig verktøy for å ta høyde for den kompetansen som vi trenger, både på kort og lang sikt.

Personalpolitiske handlingsplaner vil også synliggjøre hvordan vi bruker kompetansen. I tillegg mener vi at tverrfaglig samarbeid er viktige parametere for å måle trivsel på arbeidsplassen.

Vi vil også sette fokus, ved å påpeke manglende portørtjenesten på sjukehusene våre. Portør oppgavene blir derfor i stor grad utført av sjukepleiere. Vi mener at dette er feil bruk av kompetanse og bidrar til å svekke kvaliteten ved at sjukepleierne sine oppgavene blir strekt i alle retninger, i stedet for at sjukepleierkompetansen blir brukt der vi trenger den. Det vil si rett person på rett plass til rett tid. Økonomisk bærekraft handler også om å bruke personalet tverrfaglig i rett mengde til rett tid."

Sak 7/2018 Årleg melding 2017

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til innhaldet i Årleg melding for 2017 samt rapportering og oppfølging av styringsdokument og foretaksprotokollar for 2017.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til innhaldet i Årleg melding for 2017 samt rapportering og oppfølging av styringsdokument og foretaksprotokollar for 2017.

Sak 8/2018 Eventuelt
Ingen saker til eventuelt.

Sak 9/2018 Godkjenning av protokoll nr. 01/18 frå møte 21. februar 2018

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/18 frå møte 21.02.2018

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/18 frå møte 21.02.2018

Møtet slutt kl. 14:45

Stein Kinserdal

Petter Bjørdal
Nestleiar

Kirsti Slotsvik

Svein Anders Grimstad

Gunn Fredriksen

Mikal Gjellan

Jan Arve Antonsen

Anette Lekve